

Førebuing/ Forberedelse

22.november 2016

MUS 2005 Musikk i perspektiv 1

Programområde: Musikk

Eksamensdato: 23. november 2016

Nynorsk

Informasjon til førebuingssdelen

Førebuingstid	Førebuingstida varer éin dag.
Hjelpemiddel	<p>På førebuingssdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett.</p> <p>På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Sjå vurderingsretteiinga med kjenneteikn på måloppnåing til lokalt gitt skriftleg eksamen. Vurderingsretteiinga finn du på www.vigoiks.no/eksamen/vurderingsveiledninger</p> <p>Det er kompetansemåla i læreplanen som seier kva kompetanse det er venta at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finn du på www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/</p>
Andre opplysningar	<p>Eksamensoppgåvene er knytte til teksten i denne førebuingssdelen.</p> <p>Du skal ta med deg dette heftet og notata dine på eksamensdagen.</p> <p>Eksamen krev bruk av datamaskin og headset/hovudtelefonar..</p>

Tema/Situasjonsbeskriving

Skildrande musikk (programmusikk) frå ca. 1600 – 1900.

Gjennom heile musikkhistoria finn vi eksempel på det vi kan kalle skildrande musikk eller programmusikk. Dette kan vere verk der komponisten med tonespråket sitt forsøker å gjengi eller beskrive ei forteljing, eit dikt eller noko anna ikkje-musikalsk. Det kan også vere verk som komponisten «berre» har utstyrt med ein skildrande tittel.

På førebuingdagen skal du fordjupe deg i dette temaet, og finne fram til musikkverk som på ulike måtar kan relaterast til det. Reflekter også over korleis det å ha fått oppgitt «programmet» til eit verk kan påverke måten vi lyttar til denne musikken på, og finn ut om det er nokon periode i musikkhistoria der komponistane skal ha vore særleg opptekne av spørsmålet om programmusikk eller det motsette var det «edlaste». Om du i eksamenssvaret ditt også kan vise til sjølvstendige refleksjonar og betraktningar omkring temaet, vil det vere ein fordel.

På eksamensdagen vil du få høyre 3 verk som kan relaterast til dette temaet. Desse verka skal du fordjupe deg i, beskrive inngåande, og relatere til temaet for eksamen.

Vurderingskriterium musikk i perspektiv 1

- Låg måloppnåing (2): Eleven viser kjennskap til nokre sentrale stilretningar og periodar, verktypar og komponistar.
- Middels måloppnåing (3 -4): Eleven viser kjennskap til og kan skilje mellom sentrale stilretningar og stiltrekk, komposisjonstypar (verktypar) og sentrale komponistar og kan sette dette inn i kulturhistorisk samanheng.
- Høg måloppnåing (5 – 6): I tillegg til ovannemnde viser eleven evne til sjølvstendig vurdering og refleksjon og kan anvende kunnskapane til å samanlikne musikk frå forskjellige epokar og av forskjellige komponistar.

Bokmål

Informasjon til forberedelsesdelen	
Forberedelsestid	Forberedelsestiden varer én dag.
Hjelpemidler	<p>På forberedelsesdagen er alle hjelpemidler tillatt, inkludert bruk av Internett.</p> <p>På eksamen er alle hjelpemidler tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	Det er kompetansemålene i læreplanen som beskriver hvilken kompetanse det forventes at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finner du på www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/
Andre opplysninger	<p>Eksamensoppgavene er knyttet til teksten i denne forberedelsesdelen.</p> <p>Du skal ta med deg dette heftet og notatene dine på eksamensdagen.</p> <p>Eksamen krever bruk av datamaskin, og headsett/hodetelefoner</p>

Tema/Situasjonsbeskrivelse

Beskrivende musikk (programmusikk) fra ca. 1600 – 1900.



Gjennom hele musikkhistorien finner vi eksempler på det vi kan kalle beskrivende musikk eller programmusikk. Dette kan være verk der komponisten med sitt tonespråk forsøker å gjengi eller beskrive en fortelling, et dikt eller noe annet ikke-musikalsk. Det kan også være verk som komponisten «kun» har utstyrt med en beskrivende tittel.

På forberedelsesdagen skal du fordype deg i dette temaet, og finne frem til musikkverk som på ulike måter kan relateres til det. Reflekter også over hvordan det å ha fått oppgitt «programmet» til et verk kan påvirke vår måte å lytte til denne musikken på, og finn ut om det er noen periode i musikkhistorien der komponistene skal ha vært særlig opptatt av spørsmålet om hvorvidt programmusikk eller det motsatte var det «edleste». Om du i din eksamensbesvarelse også kan vise til selvstendige refleksjoner og betraktninger omkring temaet, vil det være en fordel.

På eksamensdagen vil du få høre 3 verk som kan relateres til dette temaet. Disse verkene skal du fordype deg i, beskrive inngående, og relatere til temaet for eksamen.

Vurderingskriterier musikk i perspektiv 1

- Lav måloppnåelse (2): Eleven viser kjennskap til noen sentrale stilretninger og perioder, verktyper og komponister.
- Middels måloppnåelse (3 -4): Eleven viser kjennskap til og kan skille mellom sentrale stilretninger og stiltrekk, komposisjonstyper (verktyper) og sentrale komponister og kan sette dette inn i kulturhistorisk sammenheng.
- Høy måloppnåelse (5 - 6): I tillegg til ovennevnte viser eleven evne til selvstendig vurdering og refleksjon og kan anvende kunnskapene til å sammenlikne musikk fra forskjellige epoker og av forskjellige komponister.



www.vigoiks.no/eksamen